



Svein Olav Heggernes  
Eidavegen 224  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2685 - 17/26904

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
21.09.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 239/41 Eknes ytre

Byggjestad: Gbnr: 239/41  
Tiltak: Oppføring av naust  
Tiltakshavar: Svein Olav Heggernes og Synnøve Øren

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om oppføring av naust den 31.08 2017.


### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4.

### Forhold til plangrunnlaget og plan- og bygningsloven § 1-8

Gjeldande plan er reguleringsplan for del av Eknesvåg frå 1995. Arealføremålet er naust.

Sidan verken kommuneplanen eller detaljplanen planen viser byggegrense mot sjø gjeld byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. (Sjå vedlagte uttale frå departementet). Naust og eventuell endring/forlenging av opptrekk er i strid med dette byggeforbodet. Eventuell forlenging av opptrekk ut forbi det som er vist i reguleringsplanen vil dessutan vera i strid med arealføremålet bruk og vern av sjø i kommuneplanen. Før kommunen kan gje løyve til bygging, må det ligga føre dispensasjon(ar) frå byggeforbod i strandsona og eventuelt frå kommuneplanen.



Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### **Grunngjeven søknad om dispensasjon**

må sendast inn. De må spesifisera korleis opptrekket skal vera. De må søka om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8. Dersom opptrekket skal utvidast, må de også søka om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen, som er vern og bruk av sjø og vassdrag . Når søknaden er kommen inn, vurderer vi om han må sendast på høyring til Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og Bergen og omland havnevesen før kommunen kan handsama søknaden.

Sjå vedlagt dispensasjonsrettleiar, som også inneheld eit enkelt søknadsskjema som de kan bruka, eller de kan skriva eit eige brev.

Dispensasjonssøknad skal i utgangspunktet nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad, sidan de har lagt fram skriftleg samtykke frå dei to næraste naboane til å bygga x meter frå nabogrensa, sjå vedlagt skjema for naboerklæring. Men i erklæringa frå eigar av gbnr 239/29 er ikkje avstand utfylt. Denne må supplerast og stadfestast av eigaren (eventuelt pr e-post).

**Søknadstypen** skal vera *søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett* for denne typen tiltak. Det er berre mindre tilbygg og uthus på bebygd eigedom som kjem inn under søknad utan ansvarsrett. De treng ikkje senda nytt søknadsskjema . De kan eventuelt søka om unntak frå krav om ansvarsrett eller søka om ansvarsrett som sjølvbygger.

### **Tilkomst, parkering**

Alle tomter skal ha godkjent tilkomst frå offentleg veg før bygging kan tillast. De må dokumentera rett til biloppstillingsplass i rimeleg nærleik og rett til gangveg fram til tomta. Slik rett til biloppstillingsplass og tilkomst må tinglysast på dei aktuelle eigedommane, for at ikkje naustet skal kunna seljast vidare utan tilkomst og parkering.

Kommunen ber om at tilleggsdokumentasjonen vert sendt inn samla **innan 20.10.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. For dispensasjonssøknad er fristen 12 veker, med tillegg for innhenting av tilleggsdokumentasjon og eventuell høyring.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

NKF\_dispensasjon

Byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen - ny 2017

**Mottakarar:**

Svein Olav Heggernes

Synnøve Øren

Eidavegen 224

Eidavegen 224

5993

5993

OSTEREIDET

OSTEREIDET